



AUKAR PÅ: Dei tilsette på Eikefjord Mekaniske Verksted har god plass å boltre seg på, men over påske får dei mange nye polske kollegaer i lokalet på Nesjane. T. v: Julie Humlestøl, løns- og personalarbeider, arbeidsleiar Dan Kåre Esp, dagleg leiar Jon Åge Sande, Benny Langedal, Jan Tore Butz og Hallvar Akselsen.

Aukar frå 60 til 140 tilsette

EIKEFJORD: Sidan nyttår har Eikefjord Mekaniske Verksted AS sikra seg kontraktar til 40 millionar. Den siste avtala i rekkja fører til ein auke i staben på 80 tilsette.

ASTRID IREN SOLHEIM tekst og foto

Bedrifta sikra seg nyleg ein rekordstor kontrakt på prefabrikering og røytrusting til eit supplyskip som er under bygging ved Havyard sitt anlegg i Leirvik.

Aukar med 80 tilsette

Sidan nyttår har røyrentreprenør-bedrifta sikra seg kontraktar til 40 millionar. Dei tilsette er no

■ Eikefjord-bedrift har sikra seg rekordstor kontrakt

godt i gang med arbeidet på den siste kontrakten.

Dagleg leiar Jon Åge Sande vil ikkje ut med kor mykje avtala med Havyard Leirvik er verd, men meiner at talet på nyttilsette seier sitt.

– No aukar vi frå 60 fast tilsette til 140, så storleiken på kontrakten talar nok for seg sjølv. Dessutan sikrar vi sysselsetjing ut september, så det er ingen tvil om at kontrakten er viktig for oss, smiler Sande.

I hovudsak er det polske vikararbeidarar frå dotterverksemda EMW Contracting som kjem til bedrifta for å fullføre oppdraget som skal vere ferdig til hausten.

Eikefjord Mekaniske Verksted er i full sving med tre prosjekt for tida. Før påske er det berre åttei arbeidarar på huset, dei andre er på andre oppdrag andre stader i fylket. Men snart får altså eikefjordingen mange nye polske kollegaer.

Nøgde tilsette

– Det er svært bra at vi har sikra oss kontrakten, og det er alltid kjekt med nye kollegaer, smiler Hallvar Akselsen som er i full sving med sveisearbeid.

Eit lite steinkast gjer Dan Kåre Esp siste innspurt før han tek påskeferie.

– Det er godt å vite at vi har

gode framtidsutsikter her på huset. Vi har ein god arbeidsplass med kjekke folk, så det er supert at vi er sikra arbeid vidare, seier Esp.

Flere kontraktar på gang

I 2008 hadde Eikefjord-bedrifta 70 millionar i omsetning og sju millionar i overskot. Sande trur 2009 blir eit like godt år for bedrifta, og dei er allereie i gang med forhandlingar om fleire andre kontraktar. Nokre av dei er på nesten same storleik som den dei er i full sving med no.

I 2004 sleit bransjen med raude tal og permitteringar, men sidan 2005 har det berre gått

oppover, fortel Sande. – Så langt har vi greidd oss bra, men det er ikkje visst at vi i åra framover held oss på like trygg grunn. Vi er svært avhengig av skipsverfta her i fylket og i More og Romsdal og at oljeprisane stig, seier Sande.

astrid.solheim@firda.no

77 No aukar vi frå 60 fast tilsette til 140, så storleiken på kontrakten talar nok for seg sjølv.

Dagleg leiar Jon Åge Sande

Vi hjelper deg å velge rett!

Vi har to interiørkonsulentar, stort utval av golv, tapet og maling, kjende merkevarer og gode prisar!

MALIA gode råd – gode kjøp!

ELIN **LENA**

Malia FØRDE, 3. etasje, Handelshuset - Nord, tlf. 57 83 26 50

MALIA
Gode råd - gode kjøp!

Ta kontakt for katalog og en husprat!

Du finner våre hustyper på www.vestlandshus.no

VESTBYGGA

Grytøya
6967 HELLEVIK I FJALAR
tlf. 57 73 72 60 – post@vestbyggas.no

Førebudr anbod på Sunde

FØRDE: Statens vegvesen har no starta arbeidet med å lage konkurransegrunnlag for å bygge ny gang- og sykkelveg frå Sunde til Farsund.

Dette vert gjort i høve til reguleringsplan vedteken av Førde kommune i 2007. Statens vegvesen skriv i eit brev til fylkesmannen at dei av omsyn til det tekniske huset og tilkomst til eigedommar ønskjer å justere vegen frå E39 langs Moavatnet.

– Minste høgde på gangveg vert ca 40,3 meter over havet. Stipulert flaumhøgde utført av NVE anslår at flaumen kjem opp i denne høgda kvart 5-10 år. Vi vurderer ei løysing med voll for å redusere sekvens på når det kjem vatn inn på gangvegen til minst 20-års flaum. Dersom løysing med voll vert valt, vil dette føre til at fylling i Bergvatnet vert større enn i vedteken reguleringsplan, skriv Statens vegvesen.

anne.britt.sandoy@firda.no